



Handlingsplan 2021

for

Kompetansenettverk i Vest-Norge

Sogn Jord- og Hagebruksskule



Innhold

1.	Innleiing	3
1.1	Administrasjonen i kompetansenettverk Vest	3
1.2	Styringsgruppa	4
1.2.1	Samansetning av styringsgruppa	4
1.2.2	Møter 2021	4
1.3	Samarbeidspartnarar	4
2.	Kva er behovet til målgruppa?	5
3.	Budsjett og tiltak 2021	6
3.1	Administrasjon	7
3.2	Besøksordning	7
3.3	Kurs	8
3.4	Andre tiltak	9



1. Innleiing

Sogn Jord og Hagebruksskule driftar Kompetansenettverket i Vest-Norge. Kompetansenettverket i Vest-Norge dekker Vestland fylke. Målgruppa for ordninga er små matbedrifter med inntil 10 tilsette. Det kan også vere primærprodusentar eller næringsmiddelbedrifter med mål om å utvikle, foredle og selje kvalitetsprodukt basert på lokale råvarer. I tillegg kan reiselivsprodukt som har utviklingsprosjekt i samarbeid med lokalmatprodusentar også omfattast av ordninga. Utover det matfaglege tilbodet frå Kompetansenettverka, blir det også ytt nasjonal hjelp til målgruppa for å løyse marknadsutfordringar gjennom kompetansetiltak hos Stiftelsen Norsk Mat (tidlegare Matmerk).

Det er fem kompetansenettverk i Norge: Nord, Midt, Vest, Sør og Øst. Dei fem Kompetansenettverka i Norge samarbeider om tilboda av kurs og besøksordning for best mogeleg å svare på behova i næringa. Det har dei siste tre åra vorte satsa på grunnmodulopplæring innan faga ysting, kjøttforedling, Ceralia/bakeri, konservering og fruktdrikk. Dette gir gründeren i landbruket ei grunnopplæring som sikrar lik utdanning over heile landet. Kompetansenettverka samarbeider om å utvikle og tilby grunnmodulane. Vest har særleg kompetanse på mjølkeforedling og drikkevarer frå frukt og bær.

Lokalmatprodusentar i heile fylket, både etablerte og nystarta, bør ha tilgang til det dei treng av kunnskap, kompetanse og nettverk. Partnerskapen (Statsforvaltaren, Innovasjon Norge og fylkeskommune) har ei sentral rolle når det gjeld å mobiliserer nye aktørar. Deltakarar som har mål om næringsverksemd skal prioriterast som deltakar på dei ulike kursa. Det er viktig å gje tilgang til gode kurslokale i heile regionen .

Kompetansenettverket i Vest-Norge kan bidra til å nå målet i Handlingsplan for landbruk i Vestland om å «auke mangfaldet og verdiskapinga knytt til lokal mat og drikke og også nytte dette i reiselivssamanheng er satt som viktig område for å styrke Vestlands landbruket.»

Handlingsplanen til Kompetansenettverket Vest-Norge inneheld tiltak retta mot målgruppa lokalmatprodusentar og små serveringsstader/reiselivsbedrifter med lokalmat profil.

1.1 Administrasjonen i kompetansenettverk Vest

Kontorstad: Sogn Jord og Hagebruksskule, www.sjh.no Vestland fylkeskommune.

Kontorfunksjon og rekneskap: Venke Sjursen, SJH. Venke.sjursen@vlfk.no



Dagleg leiar: Aud Slettehaug, tlf. 47375739. aud.slettehaug@vlfk.no

Internettsider Vest: www.sjh.no, nasjonal landingsside: www.mathandverk.no

Program ystekurs og foredling mjølk vert også lyst ut her: www.norskgardsost.no

1.2 Styringsgruppa

Oppgåva til styringsgruppa er å godkjenne årleg handlingsplan for nettverket sitt arbeid. Nettverket sitt arbeid skal vere forankra i ei heilskapleg vurdering av behov og alternative tilbod i regionen. Styringsgruppa skal bidra til at nettverket sitt arbeid blir gjort kjent i regionen og bidra til at alle tilgjengelege verkemidlar i regionen vert utnytta til beste for dei bedrifter som er kompetansenettverket si målgruppe. Oppgåva til styret er å prioritere rett kompetanse inn til desse bedriftene slik at dei lukkast.

1.2.1 Samansetning av styringsgruppa

Rolle	Namn	Organisasjon/bedrift
Styreleiar	Heidi Bjønnes Larsen	Vestland fylkeskommune
Styremedlem:	May-Britt Otterlei	Innovasjon Norge Vest
Styremedlem	Bjørn Harald Haugsvær	Statsforvaltaren i Vestland
Styremedlem	Sigrun Løkken	Nøring (Hardanger)
Styremedlem	Åge Eithungjerde	Balholm/Ciderhuset (Balestrand)
Styremedlem	Kjersti Linn Bakke	Ikeland gard (Alvær)

1.2.2 Møter 2021

Det er planlagt 3 til 4 styremøte digitalt eller fysisk for 2021.

1.3 Samarbeidspartnarar

Kompetansenettverket i Vest-Norge samarbeider breidt både nasjonalt og regionalt for å sikre eit godt tilbod til målgruppa og tenleg utforming av kurstilboda. Tabellen under syner oversikt over samarbeidspartar og prosjekt ved inngangen til 2021:



<i>Samarbeidspart</i>	<i>Tiltak</i>
<i>Partnarskapen i Vestland, IN, Statsforvaltar, Fylkeskommune.</i>	<i>Regelmessige møter gjennom året for å informere kvarandre og koordinere/fylle ut tiltak.</i>
<i>Sogn Jord- og Hagebruksskule</i>	<i>Kursleverandør ysting, modulkurs ysting. Fagskulen i Sogn og Fjordane med fleire, fagforum oppretta 2020.</i>
<i>Bondens marknad og Reko-direktesalgskanalar</i>	<i>Samarbeid om ulike tiltak, utvikling og sparringpart.</i>
<i>Vestland Fylkeskommune</i>	<i>Næring og landbruk – tett dialog om tiltak som vi kan bidra med å skyte framover. Naturbruksskulane som kursstad</i>
<i>Stiftelsen Norsk Mat</i>	<i>Merkeordningar, rådgiving og kurs. Spesialitetsmekrebrukarar eige nettverk. Kunden vert henvist direkte til rådgivar der. Vestland har fått eigen kontaktperson.</i>
<i>Matarena AS</i>	<i>Matfestival i Bergen og kompetansetilbod for inngang til HORECA. Tiltak og formidling i prosjektet for bonde og kokk.</i>
<i>Norsk Gardsost</i>	<i>Organisasjon for ysteri i Norge. Sikre eit godt tilbod til alle ystarar i samarbeid med nettverka i Norge. Nasjonale retningsliner for små ysteri.</i>
<i>Norsk Hjortesenter</i>	<i>Norsk Hjortesenter er eit nasjonalt kompetansesenter for hjort. Kompetansenettverket bidra inn i ulike prosjekt</i>

2. Kva er behovet til målgruppa?

Covid-19 set sitt preg på næringa og situasjonen er krevjande for mange. Korleis bedriftene er råka av covid-19 pandemien viser seg å varierer utifrå kva som har vore dei viktigaste salskanal før pandemien. Bedrifter som hadde den største delen av salet inn mot hotell, restaurant og catering, eller bedrifter som har sata på reisande som kjem i buss, har mista store deler av marknaden sin.

Samtidig er det moglegheiter som har opna seg opp og vekst som har skote fram i ei uventa retning. Under pandemien har salet av lokalmat og drikke i daglegvarebutikkane vore stabilt eller aukande. Nordmenn har vore turistar i eige land. Reiselivet i nokre deler av fylket har rikt utval av lokalmatprodusentar andre regionar har eit stort potensiale for å utvikle fleire bedrifter og meir vidareforedling. Nordmenn legger igjen mykje pengar når de reiser i eige land, men dei er krevjande



kundar. Pandemien har skapt ein situasjon der produsentane har måtta snu seg raskt rundt for å finne nye marknader/endre sine val av kanalar.

Kompetansenettverket sin oppgåve er å tilby mange nok grunnkurs for dei nye som vil starte opp med foredling av alle typar råvarer. Interessa for å starte foredling var aukande før 2020 og det ser ut til at dei med planar om foredling set desse planane i verk. Vi ser at produsentane særleg i starten har behov for mykje råd og tilvising til kompetanse. I denne fasen er det viktig at vi er tilgjengelege på telefon og e-post.

Vidare er det mange som ser moglegheiter for vekst der råvaretilgangen er på plass eller fokusering og spesialisering som ein alternativ strategi. Kurstilboda må vere både overordna og gi ei brei innføring samtidig som vi må kunne tilby dei spissa fagområda for spesialisering. Målgruppa treng kurs som er av opplysende og strategisk karakter, dei treng faglege råd og fagleg kompetanse spissa mot deira produksjon og produkt. Kompetansenettverket er både tilbydar av kompetanse og sparringspartnar gjennom besøksordninga. Organiseringa av tilbodet må vere fleksibelelt slik at vi svarar på dei behova og forventingane målgruppa har. Dette meiner vi at vi klarar godt og vi har lagt opp til opne postar i kurstilltaka som styret kan sette i verk raskt.

3. Budsjett og tiltak 2021

Tildelinga for 2021 er på same nivå som for 2020. Tildelinga er kr. 2 400 000,-. Styret i Vest har godkjent handlingsplan for tiltaka 2021. Dette er ca. 30 enkeltbesøk hos omtrent 30 bedrifter. Vel 11 kurstilltak fordelt på nær 400 undervisningstimar og opp mot 200 deltakarar. I tillegg kjem kurs og opplæring i regi av Stiftinga Norsk Mat (tidlegare Matmerk).

Det er søkt om midlar til forsterka stilling på nasjonal rådgiving ost . Stillinga skal ligge Sogn jord og hagebrukskule. Dette etter initiativ frå Norsk Gardsost. Ei samla stryking av rådgiving mjølkeforedling for å sikre tilstrekkeleg nok rådgjevingskompetanse innan ysting.

Partnerskapen i Vestland fortset å arbeide saman om å mobilisere nye aktørar til mjølkeforedling og andre produksjonar i Vestland i 2021.

Totalbudsjett for kompetansenettverk vest, år 2021							
1	2	3	4	5	6	7	8
Tiltak - tema	Antall tiltak	Antall interne arbeidstimer	Sum, interne arbeidskostnader	Andre interne kostnader	Eksterne kostnader	Totalt	Bevilget beløp 2021
Administrasjon		510	240 000	48 000	109 000	464 000	
Besøksordning	30	400	280 000	50 000	470 000	800 000	
Kurs	10	500	303 000	135 000	567 000	1 005 000	
Studieturer							
Andre tiltak	0	130	91 000	0	40 000	131 000	
Totalt		1 540	914 000	233 000	1 186 000	2 400 000	2 400 000

3.1 Administrasjon

Administrasjon vert utført av Sogn Jord- og Hagebruksskule som har arbeidsgivaransvar for dagleg leiing. Rekneskap vert ført i Vestland fylkeskommune. Det er sett av 510 interne arbeidstimar til administrasjon for 2021. Intern timepris er kr. 600,-.

Administrasjonsbudsjett for kompetansenettverk Vest, år 2021						
1	2	3	4	5	6	7
Aktiviteter	Kommentarer	Antall interne arbeidstimer	Sum, interne arbeidskostnader	Andre interne kostnader	Eksterne kostnader	Totale Kostnader
Generell administrasjon/ navkontakt	Administrasjon, rekneskap og kontorfunksjonar	400	240 000	48 000	9 000	297 000
Møter med regionalt partnerskap, IN, styringsgruppa	Timar og honorar internt, styrerepresentantar frå næringa	80	52 000		20 000	72 000
Reiseutgifter ol.	Praktiske reiser i 2021				20 000	20 000
Nyhetsbrev, artiklar, kommunikasjon	Utarbeiding av fagartiklar, nyheitsbrev, kommunikasjon mot målgruppa.	30	15 000		60 000	75 000
Total		510	307 000	48 000	109 000	464 000

3.2 Besøksordning

Det er sett av 800 000 kr til dette tiltaket, inkludert Ystetelefonen. Dette vil dekke rundt 30 fysiske besøk og fleire rettleingar over telefon. Det er viktig med stram leiing av midlane der vi oppmodar til

å bake større saker inn i ordinære utviklingsmidlar til bedriftene. I ordninga vert det lagt vekt på det næringsmiddelfaglege og tilføre bedrifta den kunnskapen dei treng når utfordringar dukkar opp. Situasjonar hos bedriftene som gjer at dei treng hjelp raskt skal vi klare å handtere her.

Budsjett for besøksordning for kompetansenettverk Vest, år 2021						
1	2	3	4	5	6	7
Tiltak - tema	Antall besøksordninger	Antall interne arbeidstimer	Sum, interne arbeidskostnader	Andre interne kostnader	Eksterne kostnader	Totale kostnader
Med navets ansatte	30	400	280 000	50 000		330 000
Eksterne konsulenter					470 000	470 000
Total	30	400	280 000	50 000	470 000	800 000

3.3 Kurs

Det er planlagt 11 kurstiltak. Dei tre kursa i ysting vert gjennomført og har alt fulle deltakarlistar gitt covid-19 situasjon. Kompetansenettverka har fokus på å dekke opp behov for grunnkurs og modular innan alle fagområda. Det er utfordringar rundt fysiske kurs, slik at vi må forsøke å fortsette med digitale løysingar i større grad. Noko vi har klart godt å få til i 2020. Det håpar vi kan gi betre grunnlag til å legge ein god del stoff digitalt for framtida. Fysiske samlingar til djupnekurs når dette let seg gjere og for større grupper seinare i 2021. Vi kan halde kurs med 10 deltakarar og mindre, når restriksjonar ikkje forbyr vaksenopplæring. Kompetansenettverk Sør vil i 2021 ha fleire kurstiltak for sider og fruktvin. Det er behov for fleire innføringskurs i mjølkeforedling og mogeleg også modulkurs hausten 2021. Dette vil vi freiste få til gjennom prioritering av behov og samarbeid med dei andre kompetansenettverka.

Kursbudsjett for kompetansenettverk vest, år 2021				
1	2	3	4	11
	Kurs	Kursbeskrivelse	Varighet kurs (timer)	Totale Kostnader
1	innføring mjølkeforedling	Innføringskurs i mjølkeforedling. 5 dagar	55	92 000
1	modul 1 mjølkeforedling	Foredling mjølk del 1, 8 dagar	80	140 000
1	modul 2 mjølkeforedling	Foredling mjølk del 2, 5 dagar	60	110 000
1	Økonomikurs BM	Samarbeid, leveranse	12	61 000
1	kjøtt grunnkurs	Grunnkurs kjøtforedling Mo	25	52 000
1	Nettverk spekemat	Spekemat	30	138 000
1	Plukk Vilt	Dititale tiltak	10	50 000
1	Cider og fruktvin	Div. tiltak	10	92 000
1	Kurs haust	Mjølkeforedling del 1	80	134 000
1	Fagdag Haccp	Digitale tiltak	5	36 000
1	Andre tiltak	Avsett midlar til andre tiltak	20	100 000
Total		11	387	1 005 000

3.4 Andre tiltak

Kompetansenettverka samarbeider om ein del tiltak som kjem fleire produsentar til gode, hjelp til å stille ut produkt i konkurransar, mobiliseringstiltak og fokus på ingrediensar ein kan bruke i sin produksjon som plukk vilt.

Budsjet for andre tiltak for kompetansenettverk i vest norge, år 2021								
1	2	3	5	7	8	9	10	11
	Tiltak	Begrunnelse	Kategori	Antall interne arbeids-timer	Sum, interne arbeids-kostnader	Andre interne kostnader	Eksterne kostnader	Totale Kostnader
	Digitale tiltak, nasjonale NT midler (dei 5 komp. Nav)			30	21 000		40 000	61 000
	Plukk vilt (intern tid)			30	21 000			21 000
	Nordisk, søke RT m			30	21 000			21 000
	Mjølke mobilisering i Vestland, søke RT, kven søker			40	28 000			28 000
Total				130	91 000	0	40 000	131 000

Kompetansenettverka har saman søkt om Nasjonale tilretteleggingsmidlar (NT) for utvikling av nye tiltak. Kompetansenettverket Vest sett av nokre midlar til andre tiltak, dette er for eks eigeninnsats for søknad til NT midlar utvikling. Interntid til tiltak vi har sett i gang innan mobilisering og trygging av tidlegare satsingar. Mellom anna Nordisk Terra Madre planlagt i Sverige, fortsetting av tidlegare prosjekt og samarbeid med Slowfood. Ei rekke produkt og produsentar av desse har fått presidium status hos Slowfood.

**Tiltak Kompetansenettverk Vest følger i 2021:**

<i>Marknadsdagar</i>	<i>Kompetansetilbydar i lag med SJH. Prosjekt frå Bondens marked og statsforvaltar.</i>
<i>Nettverk for ystarar i Vestland</i>	<i>Initiativtakar Kompetansenettverket i Vest-Norge, søke RT midlar for å få nettverket etablert. 6-8 nye ysteri under etablering.</i>
<i>Eksport og den nære marknaden</i>	<i>Pleie kontaktnettverket som er etablert gjennom Terra Madre Norden. Hjelpe enkeltaktørar med satsingar utanlands. Evaluering og satsing vidare.</i>
<i>Marknadsarbeid Norge</i>	<i>Engasjerer oss i saker som produsentane kjem opp i. Vere ein vegvisar og bistå i utfordringar.</i>
<i>Matnasjonen Norge strategi</i>	<i>Holde seg orientert om og iverksette etter kvart som arbeidet skrider fram.</i>